

Oppretta dato:	24.02.2021	Revidert dato:	14.11.2022, 16.03.2023, 16.05.2023, 27.11.2023, 29.11.2023
Vedteken dato:	19.12.2023 / 20.06.2024		

Reguleringsføresegner for

## Del av Fv. 545, kommunegrense Stord-Fitjar

Plan-ID Fitjar kommune: 4615\_201306

Plan-ID Stord kommune: 4614\_201304

### § 1 Hensikta med planen

Hensikta med planen er å legge til rette for utviding, oppretting og forbetring av eksisterande fv. 545 langs kommunegrensa Stord-Fitjar. Reguleringsplanen legg opp til at vegen skal bli meir trafikksikker, oversiktleg og at vegstandarden generelt blir betra.

### § 2 Fellesføresegner for heile planområdet

#### § 2.1 Generelt

Mindre avvik i skråningsutslag som har årsak i feil og manglar i prosjekteringsgrunnlaget, kan gjere at areal som skal disponerast til vegføresmål kan avvike noko frå føremåls grensene i planen.

Det er ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen etter at planen er stadfesta.

#### § 2.2 Geotekniske forhold

Sikring av områdestabilitet, skjeringar, fyllingar og nye og eksisterande murar skal planleggast og utførast i samsvar med geotekniske vurderingar som er vedlagt planforslaget og dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og fastlagte tiltaksplanar.

Detaljprosjektering av skråning ved Røytetjorn skal være i tiltaksklasse 3. Prosjekteringa skal ta omsyn til klimaendring og 200-årsflaum.

#### § 2.3 Støy

Planen skal følgje anbefalingane i T-1442 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging), eller den til ein kvar tid gjeldande tilsvarande retningslinje, så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg.

#### § 2.4 Terrenghandsaming

Omsynet til landskapet skal vere i fokus i byggefasen og sikrast gjennom byggeplan. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg skal gå fram av byggeplanane.

Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt det er mogleg.

Bergskjeringar skal bli sprengt slik at overflatane blir så jamne som mogleg. Jordvollar eller fanggrøfter skal bli brukt for å dempe landskapsinntrykket.

Murar som blir opparbeida i veganlegget skal utførast i naturstein. Andre murtypar kan nyttast dersom det ikkje er teknisk mogleg eller økonomisk forsvarleg å etablere natursteinsmur.

Avrenning frå fyllingar og midlertidige massedeponi skal bli handtert på ein forsvarleg måte.

#### § 2.5 Automatisk freda kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeid kjem fram kulturhistoriske funn, må arbeidet straks stansast. Vestland fylkeskommune v/ kulturarv skal få melding for ei nærare gransking på staden jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

#### § 2.6 Miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan).

Utslepp av skadelege stoffar frå anleggsarbeidet til vassdrag skal ikkje førekomme.

Det skal nyttast siltgardin for å hindre avrenning av finstoff og sprengstein til Kvernatjørna og vassdraget.

Anleggsarbeid og utfylling i eller ved sjølve Røytetjørna/Kvernatjørna skal gjennomførast med varsemnd. Arbeid nær vassdrag skal gå føre seg utanom perioden det ligg egg og yngel i grus på gyteområda. (oktober til midten av juni).

Fylling ned mot Røytetjørna/Kvernatjørna skal plastrast og fortannast for å hindre spreining av finstoff og partiklar til vatnet.

Ved all massehandsaming skal fare for spreining av framande artar bli vurdert, og naudsynte tiltak nyttast for å unngå spreining. Jordmassar som skal flyttast, skal vere fri for smittsame sjukdommar og uønskte artar. Ved revegetering skal det ikkje bli brukt artar som er framande/svartelista i området.

Det skal takast omsyn til myr i alle fasar, slik at man unngår uønskte inngrep i myrområde. Den økologiske tilstanden i vassdrag og myrområde skal ikkje bli forringa.

Myrområde som ligg tett på veg, innafor vegen sine fyllingar eller grøfteareal ved vegen skal plastrast og overvakast, særskilt i anleggsfasen.

Dersom det må gjerast tiltak i eller nær myr skal det gjennomførast grunnundersøkingar i myrområdet.

Det skal ikkje etablerast nye vandringshindre for fisk. Kulvertane skal vere opne og ha naturleg botn.

#### § 2.7 Tilkomst til eigedommar og avkøyrslar

Det skal sikrast hensiktsmessig tilkomst til jord- og skogbruksareal som blir påverka av reguleringsplanen i anleggsfasen i samråd med grunneigar.

Avkøyrslar er vist med avkøyrspil.

#### § 2.8 Overvatn

For å handtera styrtregn og større vassmengder vert nye kulvertar bli utvida/dimensjonert for å ta unna meir vatn. Prosjekteringa skal ta omsyn til klimaendring og 200-årsflaum.

### § 3 Føresegner for arealformål

#### § 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

##### Andre typar bygningar og anlegg (ABA)

Felta ABA 1 (Stord kommune) og ABA 2 (Fitjar kommune) regulerer kulturminnet Rydlandssaga iht. SEFRAK-registrering og Kulturminneplanen for Fitjar kommune.

Nybygg, tilbygg, fasadeendringar og andre mindre tiltak kan godkjennast dersom tiltaket ikkje negativt rårkar stadens sitt særpreg. Opphavelige bygningsdelar skal i størst mogleg grad brukast om att ved restaurering og vedlikehald. Ved slikt arbeid skal ein kontakte kommunen og nytte fagkompetanse til rettleiing. Vedlikehald skal skje i samsvar med den opphavelige utforminga for anlegg utover byggverk.

Vesentlege endringar i byggverk eller anlegg skal sendast regional kulturminnestyremakt til uttale med kommunen si tilråding.

For å hindre skade på kulturminne under anleggsfasen er det ikkje tillate å sette frå seg anleggskjøretøy på brua eller ved Rydlandssaga. Det er ikkje klart kva vekt brua toler, og anleggskjøretøy er vurdert å utgjere ein risiko.

#### § 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

##### Fellesføresegner

Vegar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente, tekniske planer. Høgder på veg er fastsett i plankartet. Det er tillat med mindre justeringar i detaljprosjekteringa.

Avkøyrslar er vist på plankartet. Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar enn dei som er vist på plankartet.

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (ST)

Innanfor feltet ST kan det opparbeidast ein velteplass for tømmer etter prosjektert løysing.

##### Veg (V)

o\_V1 i Stord kommune og o\_V4-5 i Fitjar kommune skal vere offentlege. V2 og V3 er eksisterande vegar.

Fylkesvegbru ved Rydlandssaga vert tillate endra/utvida over FLVS1-4.

##### Gang-/sykkelveg (GS)

o\_GS omfattar eksisterande fylkesveg-trase og skal nyttast som forbindelse mellom ABA1-2 og o\_V5. Gang- og sykkelvegen skal vere offentleg.

##### Anna veggrunn – grøntareal (AVG)

Innanfor areala AVG 01-08 (Stord kommune) AVG 09-17 (Fitjar kommune) kan det opparbeidast murar, skjeringar, fyllingar, grøfter, grøntareal, vollar og andre stabiliserande tiltak (inkl. rekkverk). Område skal opparbeidast i samsvar med byggeplan. Dei delar av dagens veg som vert liggande att skal vurderast i høve mogleg ny bruk eller tilbakeføring i samband med byggeplanen.

I AVG 09 i Fitjar kommune kan det opparbeidast ein turveg/sti ved avkøyrslar til P.

Anna veggrunn o\_AVG01-02 og o\_AV05-06 i Stord kommune, og o\_AVG09-12 i Fitjar kommune skal vere offentlege.

##### Parkeringsplassar (P)

Eksisterande parkeringsplass (P) skal oppretthaldast. Parkeringsplassen skal vere offentleg.

#### § 3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrifformål (§ 12-5 nr. 5)

##### LNFR

Føremåla LNFR 01-08 (Stord kommune) og LNFR 09-(Fitjar kommune) regulerer eksisterande LNFR-områder som ligg langs vegstrekninga. Areal kan nyttast til midlertidig anleggs- og riggområde dersom dette er vist på plankart med føresegnområde. Arealet skal tilbakeførast til LNFR ved anleggsstutt. Sjå § 6.

I LNFR11 og 09 kan det opparbeidast ein turveg/sti ved avkøyrslar til P.

#### § 3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (§ 12-5 nr. 6)

##### Friluftsområde (FLVS)

FLVS 1-2 (Stord kommune) og 3-7 (Fitjar kommune) regulerer eksisterande vassdrag og ligg ved og nord for anlegget Rydlandssaga. Vassdraget skal takast omsyn til i tråd med §§ 2.6 Miljø, 6 Rekkefølgeføresegn og 4.1 omsynssone naturmiljø.

Fylkesvegbru ved Rydlandssaga vert tillate endra/utvida over FLVS1-4.

Områda FLVS 2, 4, 6 og 7 skal vere offentlege.

### § 4. Føresegner til omsynssoner (§ 11-8)

#### § 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

##### Frisikt (H140)

Innanfor sonene skal det ikkje vere sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 m over vegdekke. Enkeltstående lysmaster, skiltstolpar, tre eller liknande er ikkje sett som sikthindrande.

##### Bevaring kulturmiljø (H570\_1-2)

Omsynssone H570\_1 (Stord kommune) og H570\_2 (Fitjar kommune) regulerer Rydlandssaga og området rundt denne. Omsynssona omfattar i tillegg steinkvelvbrua og ein del av gamlevegen som ligg att på austsida av fv. 545. Kulturmiljøet skal bevarast. Vedlikehald er tillat. Det er ikkje tillate å sette frå seg anleggskjøretøy på steinkvelvbrua då toleevna ikkje er dokumentert. Det skal visast varsemnd i alt arbeid ved Rydlandssaga slik at det ikkje oppstår skade på kulturminna.

##### Bevaring naturmiljø (H560\_1-5)

Omsynssone H560\_1 og H560\_2 (Stord kommune) og H560\_3-5 (Fitjar kommune) omfattar kantsona langs vassdraget Tinnselva og ein mindre sidebakk i Fitjar kommune. I omsynssona skal det oppretthaldast ein naturleg kantvegetasjon som tek vare på dei økologiske funksjonane kantvegetasjon har i naturen. Vegetasjon er i tillegg viktig for å bremse avrenning frå vegen. Det kan tillatast med biotopforbedrande tiltak.

## § 5. Føresegnområder (§ 12-7)

### # 1-13 Midlertidig bygge- og anleggsområde

Areala innanfor dei viste føresegnsområda kan nyttast til rigg- og anleggsområde og tiltak som er knytt til gjennomføring av planen. Områda skal eitt år etter anleggsperiode i størst mogleg grad tilbakeførast til tilsvarande standard som før tiltaka vart påbyrja.

Midlertidig bygge- og anleggsområde skal opphøyra 31.03.2038.

### # 14-17 Kulvertar og bru

Innanfor føresegnområda skal eksisterande kulvertar oppretthaldast, men utviding og utbetring kan tillatast. Eksisterande bru, kulvert innafor #15 og natursteinsmur øst for vegen skal takast omsyn til og oppretthaldast og må ikkje skadast som følge av tiltaket. Kulvertane skal vere opne og ha naturleg botn.

## § 6. Rekkjefølgjeføresegner

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan), og planen skal ligge føre i prosjekteringsfasen.

YM-planen skal ta utgangspunkt i vurderingar og avbøtande tiltak som går fram av ROS-analysen.

YM-planen må sikre at det vert sett inn tiltak for å sikre vassdraget og myrområda, og elles minimere konsekvensar for ytre miljø jf. § 2.6.

YM-planen skal vidare sikre at det ikkje skjer skade på kulturminnet Rydlandssaga og «steinkvelvbrua». Det er ikkje tillate å sette frå seg anleggskjøretøy på brua eller ved Rydlandssaga.

Før arbeida på den enkelte arbeidsstaden kan starte skal det ligge føre plan for bruk av overskotsmassar.

Før arbeida på den enkelte arbeidsstaden kan starte, skal det ligge føre faseplanar og arbeidsvarslingsplanar som skildrar trafikkavvikling, framkomst og trafikktryggleik i anleggsperioden.

Alle nødvendige tiltak som gjeld vegomlegging, trafikkomlegging, omlegging av avkøyrslar og tilkomststar som er vist i planen skal vere opparbeida seinast ved opning av tilhøyrande strekning av ny veg.

Opparbeiding av annan vegggrunn – grøntareal, skal vere ferdig seinast eitt år etter opning av tilhøyrande strekning av ny veg.

Vedtak: Stord Kommunestyre PS 94/2023, datert 19.12.2023

Vedtak: Fitjar Kommunestyre i PS 65/2024, datert 20.06.2024